

Handlingsplan 2021

Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal

HANDLINGSPLAN 2022 – FNF M & R

Gjere medlemsorganisasjonane gode

FNF Møre og Romsdal ønskjer å gjere medlemsorganisasjonane sine gode. FNF har dei siste åra arbeidd med å byggje opp eit nettverk blant organisasjonane og forvaltninga i fylket. Dette arbeidet må fortsette i 2022. Arrangere møter og få felles prosjekt med alle dei grønne organisasjonane som ønskjer samarbeid. Ta del i kvarandre sine aktivitetar. Det er eit langsiktig mål at det er minst to natur- og friluftsgesjonar som deltar aktivt i arealplansaker i kvar kommune, og FNF skal stimulere til ei kompetanse-bygging som gjer det mogleg.

For 2022 ønskjer vi å

- skrive egne uttaler på vegne av FNF der dette er teneleg
- bistå medlemsorg. i dei konkrete arealplansakene og andre saker
- informere alle organisasjonane om kva som styret i FNF tek opp til handsaming til ein kvar tid
- få forutsigbare økonomiske rammer for drifta av organisasjonane
- arrangere ein/fleire friluftssamlingar/websamlingar/FNF-spleisen i samarbeid med medl.organisasjonane

Når det gjeld rammevilkår vil ein arbeide for å auke midlane til natur- og friluftsgesjonane. Arbeide for at medlems-organisasjonane får betre økonomisk grunnlag for sine aktivitetar. Formidle oversikt over kva slags ulike økonomiske støtteordningar som finnast. Arbeide politisk/adm. for auke rammer for natur- og friluftsgesjonane i fylket.

Slik det er no i skrivande stund er det tre av våre organisasjonar som ikkje får fast årleg tilskot frå fylkeskommunen utan søknad; Våre to krinsar KFUK-KFUM-speidarane og Naturvernforbundet. Desse tre organisasjonane kan visst berre søkje om aktivitetstilskot og ikkje driftstilskot, hos fylkeskommunen. FNF vil i 2022 ta kontakt med fylkeskommunen og sette driftstilskot til alle våre organisasjonar på dagsorden.

God kontakt med myndighetene og andre

FNF Møre og Romsdal skal oppretthalde den gode kontakten vi har med statsforvaltar, fylkeskommune og andre instansar i forvaltninga. FNF Møre og Romsdal skal vidare arbeide for å knyte til oss nye samarbeidspartnarar. Knytte kontaktar gjennom FNF som kan nyttast av dei ulike organisasjonane.

Påvirke i alle typer plansaker

FNF Møre og Romsdal skal påvirke i plansaker og enkeltsaker som har konsekvensar for naturverdiar, friluftsliv og klima. Viktige prinsippaker skal ha høgaste prioritet. Viktige fagområder vil vere: Sikre inngrepsfri natur/villmark, unngå tap av biologisk mangfold, sikre strandsona og allemannsretten og sikre fysisk aktivitet/naturoppleving der folk bur.

Friluftslivsaktivitet og -anlegg

FNF Møre og Romsdal ønskjer å spreie glede og positivitet kring friluftsliv og natur. Vi vil arbeide for å gå i ein annan retning enn individretta BM-indeks og prestasjon, heller i retning av sosialmedisin med eit aktivt uteliv i flokk med mykje psykososiale vitaminar. Vi ønskjer å arbeide for lavterskeltilbod i friluft framfor alt; dvs folkehelse framfor prestasjonar. Fremje bruk av anleggsmidlar (spelemidlar) til anlegg for friluftsliv. Stimulere til aktivitet både i og utanfor anlegg. Arbeide for dei som fell mellom alle stolar knytt til organisasjonsform, men som framleis driv fysisk uorganisert aktivitet i friluft. Arbeide for alle umotoriserte aktivitetsformer som fremjer fysisk aktivitet som turgåing, skigåing, sykling, riding, padling og liknande. Vi ønskjer også å arbeide for at det blir ein lavare terskel for å kome seg ut og vere aktiv. Vi skal arbeide for å nå fram til dei grupper som tradisjonelt i liten grad kjem seg i aktivitet. Rette innsatsen slik at vi når fram til barna som prioritert målgruppe.

For 2022 ønskjer ein

- å arbeide for å sikre fleire friluftareal for ålmenta til jakt og hausting og generelt friluftsliv
- å arrangere turer i å vere ute også utanom etablerte stiar og utan anleggsbygging og lage informasjon om dette
- å arbeide for friluftsporter (knutepunkt friluftsliv) i samarbeide med idretten og kommunane
- å arbeide for kystled der dette er i tråd med naturmangfaldet
- å arbeide med «Plan for friluftslivets ferdselsårer»
- å utarbeide eit «friluftslivsbarometer»

Kartlegging og sikring av friluftsområder

Arbeide for å få kartlagt dei verdifulle friluftsområda i fylket vårt i tråd med nasjonal handlingsplan for sikring av friluftsområde. Arbeide inn mot fylkeskommunen og kommunane som har starta arbeidet.

Hjelpe til i sjølve sikringsprosessane ved å bistå kommunane, friluftsråda og dei frivillige organisasjonane til det praktiske arbeidet.

Verneområda

Organisasjonane i FNF har interesse innan naturvern og friluftsliv i verneområda. I 2019 bestemte FNF Møre og Romsdal at det er dei ulike organisasjonane som skal sitte i dei rådgjevande utvala organisasjonane ønskjer det. Med andre ord ønskjer ikkje FNF Møre og Romsdal å sitte i rådgjevande utval i det heile. Men FNF Møre og Romsdal er representert med ein person (frå NJFF) i områdestyret for Trollheimen. Vi har også sagt at i Trollheimen ønskjer FNF at Naturvernforbundet skal sitte i det rådgjevande utvalet. Det er under arbeide ei evaluering korleis verneområdeforvaltninga fungerer. FNF vil bidra med dette analysearbeidet.

Biologisk mangfald

Våre medlemmer er engasjert i mange spørsmål som vedkjem biologisk mangfald. FNF skal medverke til at kunnskap og arbeid med dette kan delast av dei andre medlemmene, og formidlast til andre.

FNF skal gjennom konkrete prosjekt medverke i:
Skjøtsel av kystlynghei på Småge
Vassforskrifta – revidering av vassdragskonsesjonar

På andre temaområde skal FNF halde seg orientert om kva medlemmene har av spesialkompetanse, slik at dette kan formidlast til dei som har bruk for det.

Motorisert ferdsel

Følgje opp kva som skjer med det nye forvaltningsregime for motorisert ferdsel i landet. Legge trykk på kommunane som handsamar søknader om motorisert ferdsel i utmark. Sjå på anna lovverk som styrer støyande aktivitetar i utmark og innmark og legge eit motpress mot støyande reiselivsaktørar/medieselskap/A- og B-kjendisar sin tru på at støyande aktivitetar ikkje plagar noko eller nokon.

Sikre stille og lysfrie areal

Arbeide for å sikre nokre areal for friluftsliv utan at det er menneskelege inngrep og støyande aktivitetar i området. Sjå på «stjerneområde» (dvs lysfrie område).

Energisituasjonen

Uttale seg om søknader om vasskraftutbygging og vindkraft. Sjå på korleis straumen blir ført fram og vurdere behovet for dette. Arbeide for at dei frivillige organisasjonar og/eller FNF kjem med uttale om desse.

For 2022 ønskjer ein

- Å bistå medlemsorganisasjonane i arbeidet med vindkraftanlegg
- Å sjå på planane for landbaserte oppdrettsanlegg/industri og energisituasjonen

Turskilt, turparkering og toalett

FNF ser at turparkering og toalett er ei utfordring på mange stader, og vil arbeide for at det blir etablert moglegheit for turparkering. Dette både til vanlege turgåing og til dømes ved fiskeplassar, kulturminner etc.

For 2022 ønskjer ein

- Å informere kommunane om moglegheit for toalett knytt til friluftsliv

Påvirkningsarbeid

Synleggjere dei grønne organisasjonane inn mot våre kommune- og fylkeskommunale politiske utval. Halde fokus på dei grønne interessene i kommunale- og i fylkeskommunale utval. Dei nye storkommunane får endringar av strukturen. Vi vil krevje at dei nye storkommunane får på plass eit fagmiljø innan miljø, natur og friluftsliv. Vi ønskjer å ta del i regionalt planforum.

Informasjon

Bruke heimesida aktivt for og spreie informasjon om arealsaksarbeidet. Gå aktivt ut med informasjon til kommunane og andre, gjerne knytt til tema som ikkje blir fulgt opp av offentlege etatar. Informere om aktivitetar i dei ulike organisasjonane. Mål om minimum ein ny artikkel i månaden på nettsida til FNF.

Vi ser at friluftslivskonferanse i forma som vi har utvikla i løpet av 2020 og første del av 2021 er framtida for oss. Dvs at friluftskonferansen blir mindre bolkar som er tilgjengelege over tid og blir slik at det er lett å delta på anten ein vil få med seg eitt tema eller følgje alt. Denne formidlingsformen fører til at alle organisasjonane våre blir stimulerte til å bidra til fellesskapen ut frå sin ståstad. Samstundes oppnår vi at alle våre organisasjonar får sleppe til og ein blir meir fleksibel i høve til oppmøte fordi ein ikkje har konferansen i arbeidstida/på

dagtid. Vi har vald å kalle denne formen for formidling/samling for FNF-spleisen.

Forsking - kunnskap

Vi treng kunnskap om det vi held på med, kva av våre aktivitetar/tiltak som nyttar og kva som ikkje funkjar. Dette kan vere noko for ein student å arbeide med (høgskulen i Volda?). Vi har satt av ein budsjettpost i 2022 til å auke kunnskapen i dei fagfelt vi har behov for det. Vi ønskjer eit samarbeid med ein utdanningsstad/forskingsmiljø innan faget vårt for å kvalitetssjekke det vi gjer.

Berekraftig utvikling

Vere engasjert i berekraftig utvikling i Møre og Romsdal innanfor dei saksområda FNF skal arbeide med.

Strandryddedagen og forsøpling

Det er eit mål at mange av våre medlemsorganisasjonar deltar i strandrydding og handtering av herrelaust søppel. Vi ber om at dette blir gjort på ein slik måte og slik tid på året at det blir mest skånsomt for fugle- og dyrelivet. Ved sida av er det å fokusere på å unngå forsøpling, nedgraving og brenning i naturen.